

**DETALJPLAN for regulering av  
Masseuttak i Årbergsdalen**  
Gbnr. 57/2 – GAULAR KOMMUNE

G 554 rb05

**REGULERINGSFØRESEGNER**

**Pgr. 1**

**1.1.**

Det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense.

**Pgr. 2**

**2.1.**

Området er regulert til:

BYGNINGAR OG ANLEGG - masseuttak

SAMFERDSLE OG TEKNISK

INFRASTRUKTUR| - off. køyreveg (E 39)  
- felles / privat køyreveg  
- anna trafikkareal – grøft/skjæring  
- anna trafikkareal – grønt

GRØNSTRUKTUR - vegetasjonsskjerm / buffertsone

LNFR område - landbruk

HENSYNSSONE - frisiktområde veg  
- kulturmiljø / gammalt tun

**Pgr. 3**

BYGNINGAR OG ANLEGG

**3.1. Masseuttak**

**3.1.1.**

Masseuttak kan skje innfor dei råmene som er fastlagde i sjøve reg.planen, og i tråd med uttaks-profil som framgår av planomtalen. Lågaste nivå for ferdig uttak vert sett til cote 144,0.

**3.1.2.**

For vurdering og handtering av støy skal *retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442* eller nyare retningsliner for arealbruk i støyutsette område leggest til grunn.

3.1.3.

Drifta av masseuttaket – og ferdigstilling av terreng - skal utførast slik som blir fastlagt i driftsplan som er godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning.

3.1.4.

Uttaksområdet skal til ei kvar tid vera forsvarleg sikra.

3.1.5.

På bygningane i området, er det ikkje tillate å rive, byggje om, eller skifte ut original kledning, vindauge eller andre utvendige detaljar, utan at regional kulturminne forvaltning har fått høvet til å uttale seg til saka.

## **Pgr. 4**

### **SAMFERDSEL**

#### **4.1. Felles køyreveg (avkøyrse)**

4.1.1.

Felles avkøyrse er for gbnr. 57/1 og 57/2.

4.1.2.

Avkøyrse frå gbnr. 57/2 skal utformast i samsvar med gjeldane vegnormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming samt handbok 263 om geometrisk utforming av veg- og gatekryss.

## **Pgr. 5**

### **GRØNSTRUKTUR**

#### **5.1. Buffertone / vegetasjonsskjerm**

5.1.1.

Buffertona som er vist på reg.planen skal ha ei min. breidde på 4,0 m.

## **Pgr. 6**

### **ÅLMENT**

6.1.1.

Kommunen kan gjere mindre unntak frå denne utbyggingsplanen og føresegnene, innafor rāmene som til einkvar tid er fastlagde i gjeldande plan- og bygningslov, vedtekter og føresegner.

Sande den 04.04.2011

JOH